



**ALVER**  
KOMMUNE

# Planprogram for Kommuneplanen sin arealdel

Vedtatt i kommunestyret 24. november 2022



Foto: Ola Moen

# Innhald

1. Innleiing.....	1
1.1. Utviklingstrekk .....	3
1.2. Bakgrunn og mål for planarbeidet.....	4
1.3. Kva er ein kommuneplan og eit planprogram? .....	5
1.4. Hovuddokumentar til kommuneplanen sin arealdel.....	5
2. Organisering og framdrift .....	7
2.1. Organisering .....	7
2.2. Framdrift.....	8
3. Medverknad og kommunikasjon.....	9
3.1. Kommunikasjon .....	9
3.2. Mange har alt bidratt .....	9
3.3. Medverknadsopplegg i tre fasar .....	10
4. Hovudtema i planarbeidet .....	12
4.1. Alver er eit berekraftig samfunn med attraktive senter og levande bygder og grender.....	12
4.2. Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som landets fremste industriklynge .....	15
4.3. Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga .....	17
4.4. Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse	17
4.5. Samle tabell – utgreiingsbehov til kommuneplanen sin arealdel.....	19
5. Innspel til arealdelen.....	20
5.1. Vi opnar ikkje opp for innspel på.....	20
5.2. Vi ønskjer særskilt innspel på .....	21
5.3. Vurdering av byggeområder.....	21
5.4. Vurdering av konkrete arealføremål.....	22
6. Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) .....	24
6.1. Konsekvensutgreiing .....	24
6.2. Risiko- og sårbarheitsvurdering .....	25
7. Ordliste .....	26
8. Vedlegg.....	1

8.1.	Vedlegg 1: Krav til innspel og prosess for handsaming av innspel .....	1
8.2.	Vedlegg 2: Føringar og kunnskapsgrunnlag.....	3



Foto: Ola Moen

## 1. Innleiing

Framtidsvisjon for Alver

**Vi vil at det skal vere godt og attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdiar i Alver kommune, med vekst i folketal, arbeidsplassar og bedrifter.**

**Vi vil utvikle oss som eit biosfæreområde og vere eit nasjonalt tyngdepunkt for vekst og utvikling innan grøn industri.**

**Vi vil utvikle heile kommunen.**

Samfunnsdelen er vedteke av kommunestyret i Alver 19. mai 2022. Hovudmål, delmål, vegval og prinsipp for arealbruk i samfunnsdelen, er føringar for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.





Hovudmåla frå samfunnsdelen:

- Alver er eit berekraftig samfunn med attraktive senter og levande bygder og grender
- Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som Norges fremste industriklynge
- Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga
- Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse

Kommuneplanen for Alver er tufta på FN sine mål om berekraftig utvikling, vedtatt i 2015. Berekraftig utvikling er å ta vare på behova til oss som lever i dag, utan at det går ut over kommande generasjonar.



Figur 1 FN sine berekraftsmål

Nordhordland er eit UNESCO biosfæreområde. UNESCO har som mål at biosfæreområda skal vera modellområde for berekraftig utvikling og vise fram gode døme på gjennomføring av berekraftsmåla/agenda 2030. Kommuneplanen sin arealdel for Alver skal sikre ei forvaltning av våre areal og ein balanse mellom utbygging og vern, som skal bidra til å ta vare på klimaet og miljøet vårt, i tråd med FN's berekraftsmål og UNESCO biosfæreområde.




Foto: Ola Moen

## 1.1. Utviklingstrekk

Alver kommune hadde ved utgangen av 1. kvartal 2022 29 667 innbyggjarar.

Utviklingstrekk i Alver

- Relativt ung befolkning, men delen av eldre aukar
- Spreidd busetjing, store avstandar og bilbasert transport
- Stor bustadkonsentrasjon i sør, Frekhaug-Knarvik-Alversund
- Små hushald i store bustader
- Høg verdiskaping, men svak arbeidsplassvekst
- Verdiskaping er i stor grad knytt til petroleumsverksemd
- Ein av Vestlands største landbrukskommunar



Figur 2 Planområdet for kommuneplanen sin arealdel Alver

## 1.2. Bakgrunn og mål for planarbeidet

Kommuneplanen sin arealdel er bestilt i planstrategi for Alver kommune 2021- 2024, vedtatt i kommunestyret den 25. mars 2021. I dag er det seks planar som til saman dekker Alver kommune og som skal erstattast av kommuneplanen sin arealdel for Alver:

- Kommunedelplan Radøy (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Meland (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Lindås (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Knarvik-Alversund med Alverstraumen (vedtatt 2019)
- Kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (vedtatt 2015)
- Kommunedelplan Lindåsneset med Mongstad (vedtatt 2010)

For sjøareala i kommunen har Alver kommune slutta seg til prosessen med interkommunalt plansamarbeid om sjøareala i Nordhordland (sak 099/20, den 17.9.2020). I den interkommunale planen skal det fastsettast juridisk bindande arealbruk med føresegn og retningslinjer.

### Hovudmål for planarbeidet

Kommuneplan sin arealdel skal bidra til at det er godt og attraktivt å leve, bu, arbeide og skape verdiar i Alver kommune.



### Effektmål for planarbeidet

1. Kommuneplanen sin arealdel for Alver skal erstatte dei seks kommunedelplanane som per i dag, samla sett, er gjeldande overordna plan for Alver kommune.
2. Arealdelen skal følgje opp føringar frå samfunnsdelen.
3. Ein felles plan vil samordne og oppdatere politikken som ligg i dei seks gjeldande kommunedelplanane.
4. Ein felles plan vil gje meir føreseielege rammer for innbyggjarar og næringsliv
5. Ein felles plan vil forenkle og effektivisere sakshandsaminga i Alver kommune

### **1.3. Kva er ein kommuneplan og eit planprogram?**

Kommuneplanen er ein plan for korleis vi skal utvikle kommunen dei neste 12 åra. Planen består av to delar:

- **Ein samfunnsdel** som seier korleis vi vil utvikle samfunnet, og kva vi skal satse på, kva visjonar og mål vi har for framtida- og kva vi må gjere for å kome dit.
- **Ein arealdel** som seier korleis vi skal utvikle areala våre, kva vi skal leggje til rette for kor i kommunen, til dømes kor vi skal byggje nye hus, vegar, møteplassar og etablere næring.

### Planprogram

Dette dokumentet er planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel. Alle planar med vesentleg verknad for miljø og samfunn skal ha eit **planprogram**, jf. plan- og bygningslova §4-1. Planprogrammet skal vise planområdet, føremål med planen, kva tema som skal vurderast, utgreiingsbehov, korleis planarbeidet er organisert, opplegg for medverknad og framdriftsplan. Framlegg til planprogram blir sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn på same tid som varsel om planoppstart.

### **1.4. Hovuddokumentar til kommuneplanen sin arealdel**

**Arealplankart:** Kartet viser kva arealføremål som gjeld i kommunen. Arealplankart og temakart gir i tillegg informasjon om ulike omsynssoner, bandleggingssoner, faresoner, byggegrense mot sjø m.m.

**Føresegner og retningslinjer:** Føresegnene (bestemmelsene) er areala sin lovtekst og er juridisk bindande. Det er eit mål at føresegnene skal utformast med klart språk. Føresegnene skal ha eit innhald som gjer det enklare for innbyggjarane å finne ut kva som gjeld for sin eigedom og sette kvalitetskrav for utvikling av nye områder. Føresegnene skal inkludere retningslinjer for utbyggingsavtaler. Retningslinjer er rettleiande og skal gje ei betre forståing av korleis føresegnene skal tolkast.

**Planskildring:** Planskildringa inneheld informasjon om føremål med planen, hovudtema, innhald og konsekvensar av planen.





**Konsekvensutgreiing:** Plan- og bygningslova har krav om at kommuneplanen sin arealdel skal skildre planen sine konsekvensar og verknad for miljø og samfunn. Nye byggeområder må konsekvensutgreiast for å avklare om det er tilrådeleg å legge byggeområde inn i planen

**Risiko- og sårbarheitsanalyse:** ROS-analysen skal vurdere om områder er eigna for utbygging til føreslått arealføremål eller ikkje, samt avklare aktuelle avbøtande tiltak.



## 2. Organisering og framdrift

### 2.1. Organisering

Kommunestyret i Alver er vedtaksorgan for kommuneplanen. Utval for areal, plan og miljø skal vedta sak om 1. gangs høyring av planprogram og planforslaget, og legge desse ut på høyring og offentleg ettersyn.

Utval for areal, plan og miljø er i politisk styringsgruppe for planarbeidet. Den politiske styringsgruppa skal delta aktivt i planprosessen, få orienteringar om planarbeidet og fatte formelle vedtak om vegval undervegs i prosessen (prosessvedtak).

Tabell 1

Rolle	Medlemmer
<b>Politisk styringsgruppe</b>	Utval for areal, plan og miljø (APM)
<b>Administrativ styringsgruppe</b>	Kommunedirektør og assisterande kommunedirektør
<b>Prosjekteigar:</b>	Kommunalsjef for samfunnsutvikling
<b>Prosjektstyre</b>	Kommunalsjef for samfunnsutvikling, kommunalsjef for teknisk forvaltning og drift og tenesteleiar for plan og analyse
<b>Prosjektleiar:</b>	Marte Hagen Eriksrud, rådgjevar plan og analyse
<b>Prosjektgruppe</b>	Representantar frå plan og analyse og plan og byggesak
<b>Fagleg ressursgruppe</b>	Representantar frå leiarnivå på plan og analyse, arealforvaltning og eigedomsforvaltning



## 2.2. Framdrift

Figuren under viser hovudaktivitetane i framdriftsplanen.

Tabell 2 Framdriftsplan

2022	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12
<b>DEL I: Utarbeiding av planprogram</b>												
Utarbeide forslag til planprogram												
Møte i politisk styringsgruppe	26.1			6.4	25.5							
Planforum				26.4								
Planoppstart og planprogram på høyring og offentlig ettersyn						15.6						
Innspelsperiode									15.9			
Vedtatt planprogram											24.11	
<b>DEL II: Utarbeiding av planforslag</b>												
Kunnskapsgrunnlag og utgreiingar												
Handsaming av innkomne innspel og utarbeiding av planforslaget												
<b>2023</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>7</b>	<b>8</b>	<b>9</b>	<b>10</b>	<b>11</b>	<b>12</b>
<b>DEL II: Utarbeiding av planforslag</b>												
Kunnskapsgrunnlag og utgreiingar												
Handsaming av innkomne innspel og utarbeiding av planforslaget												
1.gangs handsaming										X		
Høyring og offentlig ettersyn												
<b>2024</b>	<b>1</b>	<b>2</b>	<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>6</b>	<b>7</b>	<b>8</b>	<b>9</b>	<b>10</b>	<b>11</b>	<b>12</b>
<b>DEL II: Utarbeiding av planforslag</b>												
Vurdering av merknader og innspel												
Vedtak av planen					X							



### 3. Medverknad og kommunikasjon



*Illustrasjon: Kine Aasbak, Smula Design*

Dei viktigaste fasane for medverknad er:

- Ved høring og offentlig ettersyn av planprogrammet og innspelsperioden
- Ved utarbeiding av planen
- Ved høring og offentlig ettersyn av planforslaget

#### 3.1. Kommunikasjon


Kommuneplanen er alle sin plan. For å sikre god kvalitet i planarbeidet er vi avhengige av å lukkast med å nå ut med informasjon som er tilgjengeleg for alle. Mange har ikkje kunnskap om kva ein kommuneplan er, og kva relevans ein kommuneplan har for oss i kvardagen og i utviklinga av kommunen. Difor er god og tydeleg kommunikasjon svært viktig i planarbeidet.

Vi skal gi god og fortløpande informasjon om arbeidet. Vi kjem mellom anna til å bruke Alver kommune sin heimeside, lokalaviser og sosiale media. I tillegg vil vi ta i bruk Nordhordlandskart for å dele informasjon. Slik håpar vi å leggje til rette for god dialog med folk i Alver.

#### 3.2. Mange har alt bidratt

Over 1000 har bidratt med innspel til samfunnsdelen. Vi ønskjer å byggje vidare på desse samtalanene. Innspela er summert opp i sju rapporter:





Figur 3 Rapportar frå medverknad i samfunnsdelen

### 3.3. Medverknadsopplegg i tre fasar

Proessen kan deles inn i tre fasar med ulik moglegheit for deltaking og medverknad:



Figur 4 Tre fasar for deltaking og medverknad

#### Fase 1: Oppstart, planprogram og innspelsperiode

Parallelt med høring av planprogrammet, inviterer vi til å sende inn innspel til planarbeidet. Hovudfokus i denne fasen er å nå ut med informasjon til innbyggjarar, lag og organisasjonar, næringsliv m.m.

Metodar vi vil nytte i fase 1:

- Informasjon på Alver kommune sin heimeside og kanalar i sosial media
- Annonser i lokalaviser
- Digital presentasjon: Om planarbeidet, høring av planprogrammet og innspelsperioden. Blir lagt ut på nettsida og på facebook
- Oppstartsmøte for kommuneplanen sin arealdel



- Informasjon til lag og organisasjonar, pensjonistlag, bygdelag, landbruk, næring, barn og unge m.m
- Råd og utval: Orientering om planprosessen
- Kontordagar: Rettleiing og informasjon

### Fase 2: Planfase

I planfasen vil arealinnspele bli vurdert opp mot føringane i planprogrammet. Utgreiingar frå planprogrammet skal utarbeidast. Hovudtyngda av arbeidet vil skje internt i kommunen, med deltaking frå fleire sektorar. I planfasen skal det gjennomførast medverknad med ulike aktørar knytt til forskjellige tema. I planfasen skal administrasjonen og politisk nivå jobbe fram ønska endringar i planen, basert på det faglege grunnlaget.

Metodar vi vil nytte i fase 2:

- Verkstader i sentera: Aktuelle tema er forslag til lokal vekstsone, sentrumsutstrekning, hovudrutenett for sykkel, kvalitetar i sentera (møteplassar, grønstruktur m.m.)
- Arbeids- og/eller temamøte med ulike aktørar: råd og utval, landbruk og næringsaktørar, ulike interessegrupper m.m.
- Planforum: Medverknad og samarbeid med fylkeskommune, statsforvaltar og andre statlege og regionale aktørar
- Skuleoppgåver for å utfordre barn og unge

### Fase 3: Høyring og offentlig ettersyn av planforslaget

I høyringsfasen blir planforslaget lagt ut til offentlig ettersyn. Alle innbyggjarar, interesserte, organisasjonar og nasjonale og regionale mynde blir invitert til å uttale seg om planforslaget. Nasjonale og regionale kan fremje motsegn dersom nasjonale eller vesentlege regionale interesser blir skadelidande. Etter høyringsfasen vil alle innspel bli summert opp, og framlegg til eventuelle endringar vil bli lagt fram i politisk sak om endeleg godkjenning av planen.

Metodar vi vil nytte i fase 3:

- Informasjon på Alver kommune sin heimeside og kanalar i sosial media
- Annonser i lokalaviser
- Digital presentasjon
- Høyringsmøte
- Råd og utval; orientering



## 4. Hovudtema i planarbeidet

I samfunnsdelen er visjonen følgt opp med fire hovudmål, med tilhøyrande delmål, vegvalg og prinsipp for arealbruk, som gjev føringar for arbeidet med arealdelen. Val av hovudtema er basert på samfunnsdelen for Alver, erfaringar og utfordringar med dei seks gjeldande kommunedelplanane og overordna føringar.



### 4.1. Alver er eit berekraftig samfunn med attraktive senter og levande bygder og grender


Eit overordna mål i samfunnsdelen er at vi ønskjer å ta heile Alver kommune i bruk. Vi skal sikre at det blir godt – og attraktivt – å bu og arbeide i alle delar av den nye kommunen.

#### Utvikling av sentera

Alver kommune har ein tredelt senterstruktur med Knarvik som kommune- og regionsenter, Manger, Frekhaug, Lindås og Ostereidet som lokalsenter og Vikebø og Bøvågen som nærsenter.

Tabell 3 Innhald i dei tre senternivå

Senternivå	Innhald	Alver kommune
Region- og kommunesenter	Funksjonar, handel og tenester for heile kommunen og kommunane rundt. Hovudtyngda av kommunal forvaltning og besøksintensive tenestetilbod.	Knarvik
Lokalsenter	Funksjonar, handel og tenester for eit større omland. Desentraliserte kommunale tenester	Frekhaug, Manger, Lindås og Ostereidet
Nærsenter	Funksjonar og tilbod til nærrområde. Handel inntil 3 000 m <sup>2</sup> .	Bøvågen og Vikebø



Figur 5 Senterstruktur i Alver

Eit levande og attraktivt sentrum, der tenester og tilbod er samla, er nyttig både for innbyggjarane og næringsliv. Vi skal legge til rette for at offentlege tenester og tilbod i hovudsak vert lokalisert slik at det bygger opp under eksisterande aktivitet og tilbod i definerte senter. Funksjonane må vere mest mogleg samla for å sikre at sentera blir gode møteplassar og at fleire kan gå eller sykle. Med ei meir kompakt utforming av sentera styrker vi næringsgrunnlaget for handel. Vi legg til rette for sambruk av funksjonar og parkering, dette skaper grunnlag for nye funksjonar vi elles ikkje ville fått. Ved å styrke utviklinga av sentera legg vi og grunnlaget for at det kan etablerast eit betre kollektivtilbod frå sentera, inn mot Knarvik og vidare mot Bergen.

Prinsipp for utviklinga av sentera:

- Vi skal definere kva som skal vere lokal vekstsone for kvart senter for å hindre utflyting og sikre at nye utbyggingsområde kjem innanfor vekstssona
- Vi skal definere kva som skal vere sentrumsutstrekning for kvart senter for å samle fellesfunksjonane i kompakte og fleirfunksjonelle senterområde. Sentrumsutstrekninga skal vere tilpassa eksisterande funksjonar og reguleringsplanar
- Vi skal sikre at ny detaljhandel vert lokalisert innanfor sentrumsutstrekninga
- Vi skal sikre at funksjonar som er mykje besøkt av publikum skal ligge innanfor sentrumsutstrekninga, med unntak av arealkrevjande aktivitet, til dømes idrett





- Vi skal legge til rette for at hovuddelen av ny bustadutvikling i delområdet bør skje innanfor lokal vekstsone.
- I planarbeidet skal vi vurdere kva verkemiddel vi har for å legge betre til rette for utbygging av meir varierte bustadtyper
- Vi skal i hovudsak legge kontorarbeidsplassar til region- og lokalsentera.

#### Utvikling av bygdene og grendene

I tillegg til dei definerte sentera er det mange bygder og grender i Alver. Ein del av bygdene har nokre av dei same funksjonane som nærsentera og utfyller med dette senterstrukturen. Utvikling av bygdene skal følgje prinsippa om å samle tenester og tilbod slik som i sentera. Levande bygder og grender er viktig for landbruket, og vidare utvikling må skje i eit godt samspel mellom interessene til landbruket, og omsyn til andre utbyggingsformål.

Vi skal ha størst bustadvekst i dei definerte sentra våre, men vi ønskjer også å ta vare på å styrke kvaliteten som ligg i det å ha spreidd busetnad og bustadutvikling i heile kommunen. Når ny utbygging støtter opp om bygdene, vert grunnlaget for eksisterande eller nye funksjonar i bygdene oppretthalde (skule, forretning, kultur- og idrettsaktivitetar).

#### Kommunen sine eigne arealbehov

For å nå måsettinga knytt til sentera si rolle i Alver samfunnet, er det viktig å sikre tilstrekkeleg med arealreserve til kommunen sine eigne tenestetilbod. Til dømes skule, barnehage, kultur, idrett og omsorgsbustader.

#### Bustader og bumiljø med kvalitet

Ved utbygging av nye, større bustadområder i Alver kommune skal ein sikre at følgjande kvalitetskrav vert oppfylt:

- Vektlegging av barn og unge sitt oppvekstmiljø
- Nærtur, tursti, møteplassar og samanhengande grøntstruktur
- Trafikktryggleik
- Gang- og sykkeltilbod (trygg ferdsel/trygg skuleveg)
- Offentleg vass- og avløpsanlegg eller godkjente private anlegg, inkludert kapasitet til slokkevatn
- Universell utforming
- Legge betre til rette for utbygging av ein meir varierte bustadtype.

Statistikk over samansettinga av hushaldningar i kommunen, viser at delen av hushaldningar med ein eller to personar, er stor i dag, og er forventet å auke framover. Denne endringa gir behov for å legge til rette for betre tilgang på meir varierte bustadtyper og mindre bueiningar i sentera, bygder og grender i kommunen. 72 % av bustadane i Alver i dag er einebustadar.



### Strandsona

Vi skal vurdere korleis tilgangen til strandsona kan verte teke i vare for alle. Funksjonell strandsonanalyse er ein systematisk gjennomgang av kva som er forholdet mellom sjø og land i kommunen. Analysen er eit kunnskapsgrunnlag for å identifisere mellom anna område som ikkje bør byggast ut og område som kan vidareutviklast med ny utbygging eller fortetting.

### Naturmangfald

Samfunnsdelen har mål om å ta vare på naturen og sikre naturmangfaldet i kommunen vår. Alver kommune har unike kvalitetar, som mellom anna kystlynghei, som vi i planarbeidet må ta omsyn til på ein berekraftig måte. Dette skal blant annet gjerast ved å samanfatte eksisterande kunnskap og ta omsyn til miljøtilstand, naturmangfald og naturressursane på land og i vatnet.

### Vassforvaltning og vassmiljø

I planarbeidet skal det gjerast vurderingar av behov for å oppdatere verkemidlar i planen slik at vi tar omsyn til vassmiljø, og bidrar til at vatnet i kommunen oppnår god vasskvalitet, jf. vassforskrifta.

## **4.2. Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som Norges fremste industriklynge**

Samfunnsdelen har klare mål for næringslivet i Alver kommune. For å lykkast er det avgjerande å sikre tilgang på næringsareal, og ein infrastruktur som sikrar effektiv og trygg transport av personar og varar.

### Næringsareal

Arealdelen skal sikre at vi har gode næringsareal med tilhøyrande infrastruktur. Arealreserven på næring i gjeldande planar og innspel på nye areal til næring skal vurderast i planarbeidet, basert på dei føringar som er lagt i samfunnsdelen.

Hovudprinsipp for næringsareal i kommuneplanen:

- Arealintensiv næring ligg langs hovudvegnettet
- Vi skal som hovudprinsipp vidareutvikle, fortette og bygge på eksisterande næringsområde, framfor å etablere nye næringsområde på ubebygde areal.
- Vi skal ivareta og styrke etablerte næringsområde, med tilrettelagt infrastruktur (veg, vatn og avløp og straum).



### Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland

Alver kommune har saman med Austrheim, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal starta prosessen med å utarbeide ein interkommunal plan for sjøareala i kommunane. Gjennom planarbeidet skal det utviklast langsiktige rammer for berekraftig arealbruk, forvaltning og verdiskaping i sjøområda. Kommuneplanen sin arealdel for Alver og interkommunal plan for sjøareala skal koordinerast.

### Landbruk

Samfunnsdelen har mål om at vi skal ta vare på biologisk mangfald, og ha eit sterkt jordvern, og aktivt forvalte verdifulle område. Alver er ein av dei største landbrukskommunane i Vestland (målt i areal), med meir enn 2000 landbrukseigedomar og rundt 473 aktive føretak. Mjølkeproduksjonen er berebjelken i landbruket i Alver, og det er her ein finn dei fleste heiltidsgardbrukarane. Dei driv ein betydeleg del av jordbruksareala i kommunen og tilgang på areal som ikkje er oppstykkka av andre aktivitetar er viktig føresetnad for deira drift.

I tillegg til mjølkeproduksjon er storfe og sau dei viktigaste produksjonane, og fleire enn 100 føretak driv også ulike bygdenæringar. Skogbruk er og ein viktig del av næringa. Landbruket bidreg til sysselsetting og verdiskaping i andre næringar som til dømes transport og foredling. Potensiale for å auke omfang av foredling og verdiskaping i landbruket er stort. I arealdelen vert det viktig å unngå nedbygging/infiltrasjon av jordbruksareala.

I kommunen er det ein variert bruksstruktur og planarbeidet skal vurdere følgjande tema i planarbeidet:

- Tiltak for å gjere det enklare å byggje hus nr. 2 og 3 på garden, samt moglegheit for å skilje det/dei frå så lenge det ikkje svekker ressursane på garden.
- Bruk med potensiale for småskala næringsutvikling knytt til landbruk (arealføremål LNF-spreidd næring)
- Areal til parsellhagar mm. for å legge betre til rette for dyrking, sjølvberging og berekraft
- Areal for mottak av masser til forbetring av jordbruksareal (gjenbruksmasser, sirkulær økonomi)
- Ny bruk under gamle tak; gammal bygningsmasse på kaiar og andre tidlegare møteplassar, gamle sjøbuer, lør og uthus; leggje til rette for gjenbruk og ombygging av våningshus.



### **4.3. Alver har eit rikt og inkluderande kulturliv som er ei drivkraft i samfunnsutviklinga**

Alver kommune har starta opp arbeidet med kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv (Kulturplanen). Ein del av utgreiingsbehova til kommuneplanen sin arealdel vert gjennomført i regi av Kulturplanen.

#### Kulturarv

Kulturarv omhandlar immateriell kulturarv, i tillegg til kulturminne og kulturmiljø. Kvaliteten på eksisterande kunnskapsgrunnlag på tema varierer mellom dei tre gamle kommunen; Radøy, Meland og Lindås. I planarbeidet skal vi sikre at vi oppdaterer kunnskap om kulturarven i Alver kommune.

#### Friluftsområde og friluftslivets ferdselsårer

Vi skal sikre at innbyggjarane i Alver har tilgang til og kan bruke fjellet, skogen og sjøen og vi skal legge til rette for nærturar og aktivitetar der folk bur. I planarbeidet skal vi sikre at vi har oppdatert kunnskap om kva friluftsområde som er viktige for innbyggjarane våre og vurdere kva friluftsområde som skal sikrast mot utbygging. Vi skal vurdere å legge til rette for areal til parkering knytt til utvalde friluftsområder.

#### Anlegg og areal til kultur og idrett

Vi skal legge til rette for at innbyggjarane i Alver har eit godt tilbod innan kultur og idrett. I planarbeidet skal vi vurdere behov for nye areal til kultur- og idrettsanlegg.

### **4.4. Innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse**

Det er eit breitt spekter av tema som spelar inn på hovudmålet om at innbyggjarane i Alver har god livskvalitet, trygge oppvekstvilkår og god helse. Kap. 2.3. og kap. 2.4. inneheld tema som også er relevant for dette hovudmålet.

#### Folkehelse

I folkehelselova § 3 er folkehelse definert som «befolkningas helsetilstand og hvordan helsen fordeler seg i befolkninga». Korleis vi utviklar arealbruken i kommunen vår og kva kvalitetar vi sikrar i utbygging av kommunen vår, har konsekvens for folkehelsa. Omsyn til folkehelse skal vere eit premiss for planarbeidet.

#### Mobilitet

Samfunnsdelen seier at vi skal leggje til rette for framtidretta infrastruktur og mobilitetsløysingar og at vi skal ha effektive, trygge og tilrettelagde transportårer for innbyggjarar og næringsliv.

Mobilitet handlar og om folkehelse og reduksjon av klimagassutslepp. Grøn mobilitet er miljøvenlege måtar å reise på, som å gå, sykle og reise kollektivt. Eit viktig prinsipp er å prioritere omsynet til gåande og syklande tidleg i planprosessar. For personbiltransporten er tilrettelegging av infrastruktur for nullutsleppsøyretøy viktig, i





tilllegg til innfartsparkering. Alver kommune er ein geografisk stor kommune, med spreidd busetnad. Personbiltransport vil framleis vere viktig for mange, og vi må leggje opp til fleksible løysningar tilpassa områda vi planlegg i. Det betyr og at for deler av kommunen vil det vere behov for skuleskyss. I slike områder er det viktig å sikre trygg tilkomst til busstopp.

I planarbeidet skal rasteplassar, parkeringsplassar og serviceanlegg (tømmingsanlegg for bubil) vurderast.

#### Beredskap og samfunnstryggleik

Kommuneplanen sin arealdel må ta omsyn til samfunnstryggleik og beredskap. Kunnskapsgrunnlaget som ligg til grunn for å gjere desse vurderingane, blir stadig betre. I tillegg skjer det endringar i klima, som gjev eit behov for nye vurderingar og krav, for å sikre ei trygg utvikling i kommunen.

#### Arealregnskap

Realisering av eit utbyggingsområde er avhengig av at det er ei interesse i marknaden og at rekkefølgekrava ikkje er for omfattande. Rapporten "*Arealreserver i Alver kommune*" viser at Alver har store reserver av både regulert og uregulert areal innan dei fleste arealformål.

I planarbeidet skal vi utarbeide eit arealregnskap for å bli meir tydeleg på kor mykje areal som vert avsett til utbygging og for å få oversikt over endringar i arealbruk over tid. Vi skal vurdere å tilbakeføre areal med ulike byggeføremål (til dømes bustad, næring og fritidsbustad) til landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF), i dei tilfelle kor det ikkje er mogleg å realisere eller at utbygginga ikkje lenger er i tråd med ønska utvikling, jamfør føringar i kap. 5. Arealregnskapet skal vise verdiane i areala, til dømes dyrka mark, drivverdig skog, myr m.m.)

#### Status for gjeldande område- og detaljreguleringsplanar

Alver kommune har om lag 450 gjeldande område- og detaljreguleringsplanar. Fleire av desse planane er eldre planar, planar som har manglar og/eller feil, eller planar som i stor grad er erstatta av nyare planar. Døme på manglar i ein plan kan vere at byggegrense mot sjø eller utnyttingsgrad ikkje er fastsett.

I planarbeidet skal vi vurdere kvar enkelt plan for å avklare kva planar som kan gjelde vidare, kva planar som må supplerast av kommuneplanen på eit eller fleire tema, og kva planar som fullt ut må erstattast av kommuneplanen.



#### 4.5. Samle tabell – utgreiingsbehov til kommuneplanen sin arealdel

Tabell 4 Samla oversikt - Utgreiingsbehov i kommuneplanen sin arealdel

Utgreiingsbehov i kap. 4 Hovudtema i planarbeidet
<ol style="list-style-type: none"><li>1. Kategorisering av gjeldande regulerings- og områdeplanar i Alver.</li><li>2. Kartlegging av strandsona<ol style="list-style-type: none"><li>a. Kunnskapsgrunnlag for fastsetting av byggegrense mot sjø i utbyggingsområde</li><li>b. Vurdere tilgang for ålmenta til strandsona i ulike deler av kommunen (opning for aktivitet ved og i sjø)</li><li>c. Grunnlag for å utvide byggegrensa utanfor eksisterande naust, slik at det kan opnast for opptrekk av båtar til nausta.</li><li>d. Grunnlag for å opne for einskilt naust inntil eksisterande naustmiljø.</li><li>e. Grunnlag for å byggje nye naust på tidlegare naustgrunnar.</li></ol></li><li>3. Vurdere områder under marin grense for å avdekke areal med fare for kvikkleire.</li><li>4. Lokal vekstsone og sentrumsutstrekning for dei 7 sentera.</li><li>5. Avklare aktuelle løysingar for bruk av LNF-spreidd bustad, og vurdere nærmare om ein del tidlegare frådelte tomter i bygdene kan få endra status til LNF-spreidd bustad.</li><li>6. Kjerneområde landbruk – samanstilling av kjent kunnskap og revisjon.</li><li>7. Kulturmiljøplan – samanfatting av eksisterande kartleggingar og ny kartlegging av deler av Alver kommune.</li><li>8. Revisjon av kartlegging av viktige friluftsområder</li></ol>





## 5. Innspel til arealdelen

Innspelsperioden for kommuneplanen sin arealdel for Alver er parallell med høyring av planprogrammet. Det betyr at på same tid som planprogrammet er på høyring, vert det opna opp for å kome med innspel til planarbeidet.

Eit innspel til kommuneplanen kan vere eit råd, ein ide eller eit ynskje, og er eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommunen. Den kunnskapen kommunen får gjennom innspela vert vurdert og vekta mot anna kunnskap og ulike omsyn. Kva vi kan legge til rette i planen må skje gjennom konkrete vurderingar av kvart enkelt område. Det betyr at ikkje alle innspel til arealdelen vil bli tatt med i planforslaget. Vurderingane som er presentert i kap. 5.3 og 5.4 er ein samanfatning av det rammeverket som endringar i arealføremål i ein kommuneplan må vurderast opp i mot.

Sjå vedlegg 1, for meir informasjon om krav til innspel og prosess for handsaming av innspel. Sjå kap. 6.1 for oversikt over tema som vert vurdert i konsekvensutgreiing og sjå vedlegg 2 for informasjon om føringar og kunnskapsgrunnlag.

### 5.1. Vi opnar ikkje opp for innspel på

For nokre deler av kommunen er det gjeldande områdeplanar under realisering eller planar som er nyleg vedtekne. Innanfor følgjande delområde vert det difor ikkje opna opp for å vurdere innspel i planarbeidet:

- Kommunedelplan for Knarvik-Alversund, med Alverstraumen 2019-2031 (planid 1263-201701)
- Områdeplan for Knarvik (planid 1263-201002)
- Områdeplan Ostereidet (planid 1263-201802)
- Områdereguleringsplan for Langelandsskogen (planid 1256-20170004)
- Områderegulering for Lonena (planid 1263-201610)

Det vert i tillegg ikkje opna opp for å vurdere innspel på akvakultur og fiskeri i sjø i planarbeidet. Alver kommune sine sjøareal vert fastsett i pågåande arbeid med Interkommunal plan for sjøareal.



## 5.2. Vi ønskjer særskilt innspel på

Basert på samfunnsdelen til Alver kommune er det særskilt behov for innspel på følgjande tema:

- Areal som er aktuelle for etablering av mindre bueiningar (rekkehus, leiligheter og einestader) i senter, bygder og grender
- Fellesareal i strandsona for fritid og rekreasjon
- Areal for mottak av masser for forbetring av landbruksjord
- Landbrukseigedomar med ønske om etablering av tilleggsnæring til landbruksdrifta
- Areal som har kvalitetar ein ønskjer å ta vare på; lokale møteplassar, grøntområder (som parkar, leikeareal, areal for fritid og rekreasjon)
- Nye og utviding av eksisterande næringsområde
- Utviding av og nye forretningsområde, offentleg og private tenesteområde i bygdesentra
- Nye nausttomter i eksisterande naustområde
- Utviding av eksisterande bustadområde
- Nye LNF-spreidd område for bustader i bygder og grender
- Tretopphytter
- Kolonihagar

## 5.3. Vurdering av byggeområder

Alle innspel til planarbeidet skal vurderast opp mot føringar fastsett i planprogrammet til kommuneplanen sin arealdel. Desse føringane bygger på kap. 6 i samfunnsdelen, Prinsipp for arealbruk. I tillegg skal urealiserte byggeområder i gjeldande planar vurderast opp i mot dei same kriteria.

Tabell 5 Vurdering av byggeområder

<b>Tema</b>	<b>Kva som vert vurdert</b>
<b>Vurdering av behov</b>	Er det ledig kapasitet på areal med same arealføremål i rimeleg nærleik?
<b>Er arealet egna for utbygging?</b>	Terrengtilhøve, fareområder, naturfare, infrastruktur (veg, vatn, avløp og slokkevatn), trafikktryggleik, klimatilpassing og omsyn til beredskap og samfunnstryggleik.



<b>Er arealet/tiltaket i konflikt med viktige verneinteresser og/eller kvalitetar?</b>	Landbruk, friluftsområder, strandsone, vassmiljø, drikkevotn, viktige natur- og kulturverdiar, samt karbonrike areal (som myr).
<b>Er arealet ei utviding av allereie utbygd areal?</b>	Vurdere potensiale for utviding og transformasjon, før vi vurderer nye områder for utbygging.
<b>Har område/arealet lagt inne som byggeområde i lengre tid utan å bli realisert?</b>	Ønskje om å ha ein arealreserve som er realiserbar. Søke å finne årsaker til at området ikkje er realisert; til dømes store rekkefølgekrav eller manglande interesse i marknaden (gjeld berre urealiserte byggeområder i gjeldande planar)

#### 5.4. Vurdering av konkrete arealføremål

Opplistinga under er særskilte vurderingar som må gjerast for ulike arealføremål. Desse vurderingane kjem i tillegg til vurderingane som skal gjerast knytt til tabell i kap. 5.2.

Tabell 6 Vurdering av konkrete arealføremål

<b>Senterutvikling</b>
I planarbeidet skal det fastsettast ei lokal vekstsone og ei sentrumsutstrekning for alle dei 7 sentera i kommunen. Innspel på endringar av arealføremål i sentera skal vurderast opp mot lokal vekstsone og sentrumsutstrekning.
<b>Bygde- og grendeutvikling</b>
Er det tilgang på ledige bustadtomter i same område?
Ligg området/arealet i tilknytning til eksisterande bebygde areal, skule og barnehage?
Er det etablert i dag, eller realistisk å få lagt til rette for, trygg ferdsel for gåande og syklende til eksisterande funksjonar, som til dømes skule, barnehage og butikk?
<b>LNF-spreidd bustad</b>
Er det tilgang på ledige tomter i LNF-spreidd bustadområder i rimeleg nærleik?
Vurderinga av eventuelt nye områder for LNF-spreidd bustad skal inngå i ei samla vurdering av eventuelle endringar i eksisterande områder for LNF-spreidd bustad.





Er tomta i konflikt med andre arealinteresser av stor verdi?

### **Næring**

Er arealet lokalisert i nærleiken av hovudvegnettet?

### **Areal for mottak av massar for forbetring av landbruksjord**

Er arealet, i ei landbruksfagleg vurdering, eigna for mottak av massar?

### **Tilleggsnæringar som styrkar grunnlaget for drift av landbrukseigedomar**

Er forslag til tilleggsnæring kopla til ressursane på landbrukseigedomen?

### **Areal til kultur og idrett**

Nærleik til utbygd areal, skule, barnehage, arbeidsplassar, fritids- og servicetilbod

Nærleik til og kvaliteten på busstilbod, tilbod for gåande og syklende og trafikktryggleik

### **Strandsona**

Naustområder som skal vurderast i planarbeidet må oppfylle følgjande kvalitetskrav: tilkomst med bil, parkering i gåavstand, tilhøve for gåande og syklende og tilgang for ålmenta i naustområdet.

Småbåthamner som skal vurderast i planarbeidet må oppfylle følgjande kvalitetskrav: tilkomst med bil, parkering i gåavstand, tilhøve for gåande og syklende og tilgang for ålmenta.



## 6. Konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)

### 6.1. Konsekvensutgreiing

Plan- og bygningslova, §4-2 og forskrift om konsekvensutgreiing § 6 har krav om at kommuneplanen sin arealdel skal skildre planen sine konsekvensar og verknad for miljø og samfunn. Nye byggeområder må konsekvensutgreiast for å avklare om det er tilrådeleg å legge byggeområde inn i planen. Konsekvensutgreiinga vil ta føre seg tema definert i forskrift om konsekvensutgreiingar, §21.

I tillegg til at det vil bli gjennomført ei konsekvensutgreiing for kvart nye byggeområde isolert, skal vi også greie ut konsekvensane av arealendringane i planen under eitt. Dette for å ta høgde for at arealendringar som har få eller svake konsekvensar isolert, kan ha større konsekvensar når dei verkar samla. Vurderingane innan kvart tema skal presenterast med «trafikklysfargar» i ei matrise.

Tema som skal handsamast i konsekvensutgreiinga, og kjeldene som vil bli lagt til grunn er vist i tabell 7. Tema og kjeldegrunnlag vil kunne justerast fram til gjennomføring av konsekvensutgreiinga av planen.

Tabell 7 KU-tema og kjelder

	Tema	Kjelde
MILJØ	<b>Forureining, utslepp, støy, klima og miljø</b>	Miljødirektoratet, forureina grunn Miljødata (miljøstatus) Støysonekart Rettleiar-retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021)
	<b>Landbruk, jord- og mineralressursar</b>	Markslagskart AR5 Kjerneområde landbruk NGU (grus-, pukk- og steintippdatabasen og mineralressursar)
	<b>Naturmangfald og naturmiljø</b>	Naturbase Artsdatabanken INON-inngrepsfrie naturområder Fiskeridirektoratets kartdatabase Kartlegging av naturmangfald
	<b>Vassmiljø og verna vassdrag</b>	Vassforskrift, § 12.
	<b>Landskap</b>	Miljødirektoratet verdifulle kulturlandskap NIBIO
	<b>Nærmiljø, grøntstruktur og friluftsliv</b>	Regional kartlegging av friluftsområder Friluftslivets ferdselsårer
	<b>Klimatilpassing</b>	Klimatilpassing.no NVE karttjenester DSB-Klimahjelpen Temakart og aktsemkart for flaumfare (NVE Atlas)



	<b>Strandsona</b>	Kartlegging av funksjonell strandsoner Statleg planretningslinje for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen
<b>SAMFUNN</b>	<b>Transport- og energibehov</b>	Regional areal- og transportplan for Bergensområdet Regional plan for attraktive senter Avstandsmåling i nordhordlandskart.no
	<b>Folkehelse og oppvekstvilkår</b>	Regional plan for folkehelse Bustadsosial handlingsplan Alver kommune sin folkehelseoversikt
	<b>Teknisk infrastruktur veg, vatn og avløp (VA)</b>	Kunnskapsgrunnlag VA Trygg skuleveg Forskrift om vassforsyning og drikkevatt Miljødirektoratet-Vannmiljø
	<b>Samfunnstryggleik, beredskap og ulykkesrisiko</b>	Nasjonale databaser for naturfarer
	<b>Kulturminne og kulturmiljø</b>	Sefrak Askeladden Omsynssoner for kulturmiljø
	<b>Barn og unge</b>	Barnetråkkregistreringar
	<b>Sosial infrastruktur</b>	Befolkningsprognosar Skulebruksplan og barnehageplan

## 6.2. Risiko- og sårbarheitsvurdering

Kommunen har ansvar for at innbyggjarane si tryggleik bli tatt omsyn til i planlegginga. For kommuneplanen sin arealdel er naturfare, som flaum, skred eller havnivåstiging risikofaktorar ein må ta omsyn til i vurderinga av kva område ein skal opne for utbygging. Tilgjengelegheit og responstid for beredskapsetatar er andre døme på omsyn. I tillegg til risikoen i det einskilde utbyggingsområde skal ein vurdere kva risiko ei utbygging utløyser andre plassar i kommunen, til dømes ved auka trafikk.

ROS-analyse skal gjerast i samsvar med vedtekne akseptkriterium og retteleiar til Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB). Alver kommune har per i dag ikkje eit sett med akseptkriterier, men har akseptkriterier frå dei tre gamle kommunane. Innspel om utbygging i område med høg risiko skal ikkje takast inn i kommuneplanen.



## 7. Ordliste

**Arealreserve** er areal som er avsett til ulike byggeføremål i dei gjeldande planane, men som ikkje er bygd ut. Kan vere både areal som er uregulert og areal kor det er utarbeida ein detaljreguleringsplan.

**Byggegrense mot sjø** vert fastsett i byggeområder basert på kartlegging av funksjonell strandsone.

**Funksjonell strandsone** er areal på land som står i direkte samspel med sjøen når det gjeld biologisk mangfald, friluftsliv, landskap og kulturmiljø. Det er kommunen si vurdering av kva som er den mest verdifulle strandsona. Opphevar det generelle bygge- og deleforbodet i 100-metersbeltet til sjø.

**Kjerneområde landbruk** er dei areala som er viktige for at landbruket skal kunne produsere mat og forvalte kulturlandskapet.

**LNF** er forkorting for landbruk-, natur- og friluftsområde som er eit arealføremål i plan.

**LNF-spreidd bustad** er arealføremål i plan kor det er opna for eit bestemt tal bueiningar i planperioden. Det er ikkje krav til utarbeiding av detaljplan for slike områder.

**LNF-spreidd næring** er arealføremål kor det er opna opp for aktivitet, i tilknytning til garden, som går utover det som LNF-føremålet opnar opp for. Døme; mottak av masser for forbedring av landbruksjord, gardsutsal/gardsbutikk og småskala utleige av hytter.

**Utbyggingsavtale** er ei avtale mellom offentlege og private utbyggarar. Ei slik avtale fastsett kva bidrag den enkelte skal gje til offentleg infrastruktur, til dømes veg, vatn og avløp, offentlege areal (det som skjer mellom bygga).



## 8. Vedlegg

### 8.1. Vedlegg 1: Krav til innspel og prosess for handsaming av innspel

Føremålet med å fastsette krav til innspel til arealdelen er å lette arbeidet med å handsame innspela, gje større tryggleik for at det ikkje oppstår misforståing i kva innspelet faktisk gjelder, og at innspela kan fungere som eit forarbeid til konsekvensutgreiinga. Merk at punkt om eigedomsopplysningar ikkje må fyllast ut dersom innspelet ikkje gjeld eit konkret areal.

#### Krav til arealinnspel

##### **Kontaktinformasjon til innsendar**

- Namn, adresse, telefonnummer og e-postadresse til innsendaren

##### **Eigedomsopplysningar (viss aktuelt)**

- Oversiktskart
- Kart over området med avgrensing av ønskja tiltak (byggje- og bruksføremål)
- Gards- og bruksnummer

##### **Ønskja framtidig føremål**

- Skildring av ønskja endring med forslag til føremål, inkludert grunngjeving for endringa
- Trasear for naudsynt infrastruktur (vegtilkomst)

##### **Andre kjente opplysningar**

- Er det andre kjente data eller opplysningar som er relevante?

#### Korleis gje innspel til arealdelen?

Innspelsskjema på nettsida til kommunen og postmottak. Administrasjonen vil sikre rettleiing og bistand til innbyggjarar som har behov for hjelp til å få på plass nødvendig dokumentasjon.





### Kva skjer med innspel til arealdelen?

Skisse over prosessen med handsaming av innkomne innspel til planarbeidet:

1. Alle som sender inn innspel til arealdelen får eit standard svar med stadfesting av at innspelet er tatt imot. Standardsvaret inneheld informasjon om prosessen med handsaming av innspel, kva retter ein har i prosessen, og korleis ein kan følgje med på den vidare prosessen
2. Innkomne innspel vert lagt inn i eit kartlag på [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no). Kartlaget skal vere tilgjengleg for alle og skal inkludere vedlegg som viser innsendt innspel. Innspel som ikkje er knytt til eit konkret areal, vert presentert på nettsida for planarbeidet.
3. Grovsiling av innkomne innspel. Administrasjonen legg fram ei sak til politisk styringsgruppe. Hovudinnhald i den politiske saka:
  - a. Tilgang til alle innkomne innspel til planarbeidet
  - b. Samandrag av innspela
  - c. Tilråding til kva innspel som skal takast med til konsekvensutgreiing, og kva innspel som vert silt vekk. Tilrådinga er ei vurdering av om innspelet er i tråd med føringane i planprogrammet eller ikkje.
4. Konsekvensutgreiing av innspel, sjå kap. 6.

### Orientering om rettar for den som leverer innspel til kommuneplan

Eit innspel til kommuneplanen kan vere eit råd, ein ide eller eit ynskje frå innbyggjarane, og er eit viktig kunnskapsgrunnlag for kommunen. Den kunnskapen kommunen får gjennom innspela vert vurdert og vekta mot anna kunnskap og ulike omsyn. Det er viktig å vere klar over at eit innspel til kommuneplan ikkje er ein søknad og ikkje ei enkeltvedtakssak etter forvaltningslova (fvl) § 2 b. Ved innsending av innspel til kommuneplanen er ein ikkje part i saka. Det betyr at kommunen kommuniserer på anna vis enn i vanleg sakshandsaming.

I kommuneplanprosessen gjeld:

- Kommunen har generell rettleiingsplikt etter forvaltningslova § 11.
- Du har innsynsrett i plansaka sine dokument i samsvar med offentleglova.
- Du må sjølv følgje saka på kommunen si nettside.
- Kommunen gjer ikkje eit eiga vedtak som gjeld ditt innspel, og du har ikkje krav på grunngjeving ut over det som går fram av plandokumenta og sakspapira.
- Du har ikkje klagerett, korkje på korleis kommunen har vurdert ditt innspel, på kommunen sitt endelege vedtak om å godkjenne planen eller på sakshandsaminga, jf. plan- og bygningslova § 11-15.

Når kommunestyret har godkjent planen er saka avslutta og innspelet ditt ferdig handsama.



## 8.2. Vedlegg 2: Føringer og kunnskapsgrunnlag

### Nasjonale føringer

Nasjonale lover som legg føringer for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel:

- Plan- og bygningslova
- Folkehelselova
- Naturmangfaldslova
- Sivilbeskyttelseslova
- Friluftsløva
- Jordlova
- Kulturminnelova
- Forureiningslova
- Vassressurslova og lakse- og innlandsfiskelova.

Nasjonale forventningar og retningslinjer som legg føringer for arbeidet med kommuneplanen sin arealdel:

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019 –2023.
- Statlege planretningslinjer (SPR) for klima, energiplanlegging og klimatilpassing.
- Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjø
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging
- Retningslinjer om veiledning om klimahensyn i planleggingen (Klimasatsprosjekt)
- Forskrift om rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag
- Rettleiar; Planlegging for spredt bustad-, fritids- og næringsbebyggelse i landbruks-, natur-, friluftsløvs- og reindriftsområder (LNFR-områder).
- Meld.St.5 (2020-2021) Samfunnssikkerhet i en usikker verden
- Nasjonal jordvernstrategi
- Veileder – Forsvarets arealbruksinteresser i arealplanlegging
- Faktaark «Hvordan ta hensyn til klimaendringer i arealplanleggingen»
- Rettleiar «Havnivåstigning og stormflo»
- NVE 4/2022 «Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanen»
- Miljødirektoratet sin rettleiar for handtering av overvatn
- NVE rettleiar 2/2017 «Nasjonale og vesentlege regionale interesser innan NVEs saksområder i arealplanlegging-grunnlag for innsigelse»
- Retningslinje 2/2011 «Flaum- og skredfare i arealplanen»
- Rettleiar «Flaumfare i bekken»
- Temakart og aktsemdkart for flaumfare på NVE Atlas
- Miljødirektoratet sin rettleiar om vassmiljø i arealplanlegging; Vannmiljø
- Drikkevattforskrifta



- St. meld. 16 Nye mål i kulturmiljøpolitikken-Engasjement, bærekraft og mangfold
- Riksantikvaren sine anbefalinger for by- og stedsutvikling
- Klimaprofil Hordaland

### Regionale føringar

Følgjande planar og rettleiarar frå Vestland fylkeskommune er førande for planarbeidet:

- Utviklingsplan for Vestland 2020 –2024
- Regional plan for folkehelse 2014-2025
- Regional plan for attraktive senter i Hordaland 2015 -2026
- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet 2017–2028
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030 -Berekraftig verdiskaping.
- Regional plan for klima 2022-2035 (planprogram)
- Regional plan for Vestland vassregion 2022-2027
- Regional transportplan for Hordaland 2018-2029
- Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025
- Regional plan for kompetanse og arbeidskraft
- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2033
- Strandsonerettleiar for Vestland

### Kommunale føringar og kunnskapsgrunnlag

- Vår kommune, vår framtid – Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2024
- Kommunedelplan for Kultur (i prosess)
- Kommunedelplan for Helse (i prosess)
- Kommunedelplan for Oppvekst (i prosess)

### *Befolkning, bustad og folkehelse*

- [Befolkning i Alver. Power BI- rapport](#)
- [Busetjingsmønster i Alver. Power BI- rapport](#)
- [Boligpreferanseundersøkelsen. Bergen og omegnskommunene. 2020](#)
- [Bustad for alle. 2021](#)
- [Folkehelseoversikten for Alver. 2020](#)
- [Inntekt, ulikskap og sosiale tilhøve i Alver. Power BI- rapport](#)

### *Areal, senterstruktur og mobilitet*

- [Arealreservar i Alver](#)
- Moglegheitsstudien for lokal- og nærsentra i Alver
- MVA-rapport 1/2014 Kystlynghei i Austrheim, Lindås, Radøy, Meland, Øygarden, Fjell - Handlingsplan kystlynghei
- [Sykkelstrategi Alver. 2021](#)
- [Pendlingsanalyse 2018](#)
- [Spørjeundersøking om pendling. Lindås, Meland og Radøy2018](#)



- [Barnetråkk for Sagstad skule](#)
- [Barnetråkk for Lindås kommune. 2018](#)
- [Barnetråkk Meland. 2018](#)

#### Næringsliv

- [Næringsliv og sysselsetjing. Power BI- rapport](#)
- [Scenarioanalysen for Vestland.](#)
- [Scenarioanalysen for Nordhordland](#)
- [Handelsanalyse Alver.2019](#)
- [Statusrapport. Greenspot Mongstad. 2020](#)
- Strategisk næringsplan (i prosess)

